

- Kvifor ikkje fornja ferjemateriellet?

27.03.2010



Ordførar Synnøve Solbakken markerar nye arbeidsplassar på AFA, saman med styreleiar Hans J. Berge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ordførar Synnøve Solbakken var onsdag i kontakt med regjeringa og departemenet for å signalisera at Kvinnherad treng nye oppdrag for å behalda arbeidsplassane.

Eit av utspela ho gjorde var å be dei vurdera fornying av ferjemateriellet som er gamalt og därleg. Det opplyser ho til Grenada i samband med permiteringane hjå Eidsvik.

Ordføraren meiner det ville vore naturleg å bruke industrien her for å byggja nye ferjer, noko som ville sikra mange arbeidsplassar.

Men i ei tid der Kvinnherad har vorte ramma av oppseiingar og permitteringar på fleire av dei viktigaste arbeidsplassane vel ho likevel å sjå lyst på framtida.

Ho nemner at Ålvik har vore råka av oppseiing og permitting, men seinast i går fekk Solbakken veta at Ålvik har fått nye ordrar til fabrikken slik at dei kan setja i gang for fullt.- Dette er eit godt døme på at det svingar fram og tilbake i norsk industri, noko som gjer at eg trur Kvinnherad også vil oppleva oppgang igjen. Det som er vanskeleg er å spå noko om dette er langvarig eller kortvarig, men eg vel å vera optimist, seier ordføraren.

Ho viser til at det har vore svingningar i Kvinnherad før og me har klart oss. Det skal me denne gangen og, seier Solbakken.